

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 52	Utkommer hver måned	Januar 1935	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	6. årg.
--------	---------------------	-------------	--	---------

Nyårsbønn.

Store og hellige Gud, du som er en trofast far for alle dine barn på jorden: vi priser dig for all den nåde som du har vist imot oss i det år som gikk. Vi takker deg særlig, fordi du alltid gir oss ditt hellige ord og sakrament til styrkelse og liv for våre sjele. Velsign nu også det nye år! La alle få erfare din nåde og fyll alle med din ånd. Styrk din hellige kirke på jorden, så den kan utføre sitt arbeid i din tjeneste, til fred for menneskene og til utbredelse av ditt rike. Amen.

Ved nyttår.

Vi strider mangen tungsom dag
her under lave skyers tak.
Som vindens gråt i bleke høst
går mismots hvisten i vårt bryst.

En fattig sæd med sukk vi sår,
vår dag er kort, vår aker hård.
Men komme skal med evig trøst,
et jubelår, en gylden høst.

Å gjør oss tro, å gi oss mot,
å løft vårt syn og led vår fot
fra korsets dal til himmelslott,
vår seierssæle helt og drott!

Johns. Johnson.

Hvad tidens strøm ikke kan rokke.

Ustanselig flyter tidens strøm. År for år ebber vår livstid ut. Alt er i bevegelse. Hvad der var nytt igår er gammelt idag. Stundom blir tidens strøm som elv i flom, der river alt med sig i sitt ville jag. Det er en sådan flomtid vi nu gjennemlever. Intet er lengre fast, alt er flytende. Tanker og livsanskuelse, moralbegreper og personlighetsideal, statsskikk og menneskeverd, alt angripes, alt omformes; hvad der prises idag, forkastes imorgen. Og flommen raser ustanselig

videre med stigende makt. Riker vakler og styrtes om, alt hellig spottes, skånselsløst vil flommen rive med sig alt den møter på sin vei. —

Er der da intet som er fast og urokkelig, som ikke forandres under tidenes strøm, som flommen ikke kan rive bort? Jo, jeg vil nevne tre ting. Det første er menneskehjertet selv, i dets frykt og nød, i dets lengsel efter kjærlighet og fred. Fra oldtid til idag i hytte som i slott, i enfold som i visdom er hjertet i menneskenes barm med dets dypeste krav det samme. Ingen forandringer i verden omkring oss kan forandre det.

Det annet er Jesus, alle tiders og evighetens konge. Hans kongestol kan ikke rokkes. Hans kors kan ingen flom underminere. Hans kjærlighet kan intet slukke. Hans makt kan ingen overvinne. Hvad der enn omskiftes i denne verden, Jesus Kristus er igår og idag, ja til evig tid, den samme. Og hos ham er vårt urolige hjerte stille. Får han slutte oss i sin favn, må frykten vike. Han sier mildt og sterkt til oss: Vær frimodig, dine synder er dig forlatte! Frykt ikke, jeg er med dig, jeg vil ikke slippe deg og ikke forlate deg! Og der ved hans varme hjerte møter vi kjærligheten i all dens rikdom og fylde, den som er all livslykkes kilde.

Og det tredje som ikke rokkes eller forandres er Guds forjettelser, Guds løfter. Så mange som de er, er de alle ja og amen. Hans planer kan ikke hindres, hans rike kan ikke stanses, fremtiden er hans og deres som hører ham til. Løftets land lyser mot oss fra det fjerne. Vi som hører ham til, vi skal nå Paradiset engang.

La så årene komme og gå og livet vårt rinne bort som en elv mot havet. La flom-

men rase og alt omkring oss omskiftes. Har vårt hjerte funnet fred i Jesu navn, frykter vi ikke for de dager som kommer. Han som sitter på tronen sier: Se, jeg gjør alle ting nye. Han skal føre oss frem til vårt mål og gi oss sin nåde og sin frelse.

Biskop Maroni.

Gudstenesta.

6. Salmesongen.

Etter inngangsbøni kjem inngangssalmen. Det skal vera ein kort salme som antan inneheld bøn og lovprisning eller høver til tidi i kyrkjeåret, altso i joli ein jolesalme o. s. b.

Vi har ved høgmesse mange salmar: inngangssalmen, etter epistelen, fyre og etter preika, etter kyrkjebøni, fyre og under og etter nattverden, utgangssalmen. Salmesongen er ein sers viktig del av våre lutheriske gudstenester. Og det med full rett. Songen har jo ei sterk makt over dei fleste menneskje. Og når mange syng saman, vert den enkelte i flokken liksom lyft og borene av alle dei andre, riven med i den same stemning. Ikkje minst gjeld dette religiøs, kristeleg song med børn og vedkjenning og lovprisning. Difor har god salmesong so uendeleg mykje å seia i gudstenesta; den gjev liv og makt. Desse gamle, fagre, sterke tonane, sume brukte i fleire hundrad år, — desse gamle, djupe, innhaldsrike salmane, som gjev so varmt og levande uttrykk for det som ætt etter ætt av kristne har levt på og døytt på, — dei har ei underleg makt til trøyst og formaning, til uppbyggjing og styrkjing. So mang ein gong kan ein få meir godt av salmane under ei gudsteneste enn av preika. Men då må ein syngja med, og det ikkje berre med munnen, men med tankane og hjarta. Ein skal syngja med kraft med det målet ein har fått, og so skal ein fylgja med i ordi og innhaldet av salmen. Ingenting er so upplyftande som sterk og vakker salmesong i Guds hus.

Ein feil her på våre kantar er det, at ein ofte syng for seint og slæpende. Sume salmar, dei som inneheld lovprisning etter glad og frimodig vedkjenning o. l., skal syngjast foran og livlegare enn dei som handlar um synd og sorg og død. Det er skilnad på

ein stridssalme som »Vår Gud han er så fast en borg« og so ein dødssalme som »Jeg vet mig en søvn«. Dette er noko som ein skulde leggja merke til.

Ein uskikk er det, når folk ikkje ein gong tek med seg salmebok til kyrkje og soleis sit der utanfor og teiande under songen. Det er ein syrgjeleg uvane, som alle forstandige burde motarbeida. Sjølvsgart bør dei som har bøker leggja vekt på å la dei andre som ikkje har, få sjå med seg.



Våre døde.

2. des.: Anne Larsdtr. Lefdal, ug. tenar; f. 1854; alderdom.
4. des.: Peder Pedersson Langeland, Solheim; e. kårmann; f. 1844 i Eid; alderdom.
11. des.: Torolv Rød; ug. gardsdreng; f. 1913; ulukkestilfelle: fekk over seg ei trerot under timberhogst i Myklebustdalen i Aalfot.

Tak dykk i vare, vak! for de veit
ikkje når tidi kjem. Mark. 13, 33.

Notisar.

Henrik Brobakke, 90 år. Nyttårsdag fyllte Henrik Brobakke, Bryggja, 90 år. Han har eit langt yrke i kyrkja si teneste å sjå attende på, med di han i heile 50 år var medhjelpar. Det var medan Lassen var prest i Davik (1870—81), at Brobakke tok til i dette tillitsyrke. Han tenestgjorde under 5 sokneprestar: Lassen, Hansen, Winger, Eide og Slaattelid. For ei tid sidan slutta han på grunn av sin høge alder. Endå er han som oftast å sjå i kyrkja når det er gudsteneste. — Ein trugnare medhjelpar og kyrkjegjengjar lyt ein vel leita lenge etter. Var det på nokon måte framkomeleg reiste han, gjerne åleine um veret var mindre innbjudande — til Rugsund. Verst var det um vinteren, fyrr det kom omn i kyrkja, seier han. Dei vart gjerne gjennomvåte på framturen eller dei rodde seg sveitte, og då vart det hustre å setja seg i kyrkja i full vinterkjøld. — 90-åringen har alltid vore eit arbeidsjarn og framleis ser ein han stødt i verksemid med eit eller anna. — Me takkar Brobakke for hans lange og trugne kyrkjelege arbeid i Rugsund sokn og ynskjer han ein blid og god livskveld.

O. H.

Basarar: Haus og Ervik kvinneforeining i juni til heidningmisjonen 129 kr. — Haus 1. nov. til sjukerkøtlaget 100 kr. — Aalfot 1. nov. til heidningmisjonen 125 kr. — Dombestein 1. des. til Santalmisjonen 63.50. — Leirgulen i haust til heidningmisjonen 118.65. — Bortne 6. nov. til heidningmisjonen 88.40. — Rugsund 2. nov. til det norske misjonsselskap og Kina-forbundet 115.33. Isane 1. nov. til Santalmisjonen 68.00.

I stykket um fosterdrap i siste nr. var der eit par trykkfeil. Lengst nede på side 3 stod »nyfødte« i staden for u født e. Lengst uppe på side 4 »biskopen« i staden for biskopene.

Ektevigde: 14. november i Gloppen Kristian Knutsson Indredavik og Berta Gustavsdtr. Blålid. 14. desember i Nykyrkja, Bergen, Arne Abelsson Myklebust og Olina Olaidsdtr. Totland.

Til kyrkjeorgelet i Davik er kome inn: Frå Peder H. Endal 8 kr. (tidlegare 52 kr.).

Ved dåpen skal etter ritualet den som ber barnet svara »ja« på presten sitt spørsmål: høg tog tydeleg. Det er alto ikkje rett berre å nikka, som sume gjer. Det bør ein hugsa på. Likeeins burde det jo vera sjølvsagt, at fadderane faldar hendene under bønene ved dåpen; alt i kyrkja skal gå fyre seg med sørmd.

Til sjukerkontagget er kome inn: Basarar: Kjølsdal 200 kr., Bryggja 123. — Medlemspengar: Rimstad 30, Davik 5. — Maiblomar: Rimstad 10. — Jolemerke: Rimstad 4.

For 100 år sidan. Døde: 24. jan. 1835 Stine Olsdtr. Homborstad, kårkone, 70 år. — 30. jan. Hans Sæbjørnsen Berstad, kårmann, 80 år. — 31. jan. Stephen Monsen Hougs, kårmann, 71 år.

Gudstenester og sundagspreiker:

- | | |
|-------------------------------------|-----------------------------|
| 1. sund. etter Kr. op.s., 13. jan.: | Rugsund og Levdal. |
| 2. —»— | 20. » : Aalfot og Kjølsdal. |
| 3. —»— | 27. » : Davik og Rugsund. |
| 4. —»— | 3. febr.: Totland—Hennøy. |
| 5. —»— | 10. » : Davik—Aalfot. |

Ofringar: 1. joledag i Davik til ytre sjømannsmisjon kr. 90.16. — 2. joledag i Rugsund til indre sjømannsmisjon kr. 55.48.

Rugsund sokneråd har valt uppatt til formann og næstformann kyrkjesongar Hausle og Karl Haugland, til kasserar kyrkjesongar Au Voll, til revisorar J. Fløtre og Alb. Bakke. Desse ofringar vart fastsette for 1935: I påska til heidningmisjonen, i pinsen til sjukerkontagget, um hausten til Menighetsfakultetet, i joli til indre sjømannsmisjon i Totland, og i Rugsund til innleggjing av ljós i kyrkja.

Kvittering for kontingent. Aalfot: Kristen J. Myklebust 2 kr. — Isane: Karl Orheim 2. — Dombestein: Ivar L. Dombestein 10. — Davik: P. H. Endal, Hans R. Hamre 2.50; Peder Hausle 3; Malene Lund 2. — Rugsund: Jakob Bakke, Johan Olsbø, Synneve Kolset, Albert Nybø 2; Alb. Benæs 3; Karl Haugland 5; Matias Strømmen 2.50. — Leirgulen: Severin Lofnes 2; Martinus Mjånes 3. — Bortne: Lærar Torheim, Didrik Bortne 3; Elling Bortne 2. — Mannen: Johan Haukedal 2.50. — Rimstad: Jonas Rimstad, Olai Totland, Peder O. Totland 3. — Maurstad: H. Brobakke 5; Lars Gjørven 2.50; Jakob Heggedal, P. Navekvien 2; Harald Heggedal 3. — Haus: Olav Haus 3. — Utanbygd: Karoline S. Hessevåg, Harald Bruland, Marta Rimstad, Anders T. Vik 2; Olina Rimstad 2.50.

Hjarteleg takk til alle. Dei som betalar bør passa på, at dei får kvittering i bladet og varska meg um den skulde verta gjøymd; det har hendt eit par gonger. Rekneskap for 1934 kjem i næste nummer.

Misjonsarbeidet i Rimstad og Maurstad.

Onsdag 21. november hadde Maurstad og Rimstad misjonskvinnelag møte på Rimstad for å høgtida og minnast misjonsarbeidet i bygdi gjennom 70 år. Det var i 1864 at presten Hoyer budde hjå handelsmann Elstrand på Bryggja. Han var prest for vegarbeidarane som heldt på med vegen over Maurstadeidet. Misjonsrørsla var då komi til prestegjeldet, helst ved prestesonen, kandidat Peter Meyer, og i Davik var alt skipa misjonslag. Saman med fru Amalie Elstrand heldt Hoyer møte for kvinnene i bygdi, og sidan heldt desse misjonsmøte fram med fru Elstrand som leidar, so lenge ho hadde helse til det. No tok og »Norsk Misjonstidende« til å koma til bygdi, visstnok med 4 eksemplar. Andre misjonsskrifter fann og vegen hit, t. d. misjonsforteljingane »Nat og morgen«, »Misjonsarbeidet blandt indianerne«, »Herrnhuter-misjonen i Sydafrika«, og fleire. Kvinnelaget dreiv i den første tidi helst med arbeidsmøte. Dei byrja med andakt, song høvelege salmar og las upp misjonsbladet. På Bryggja vart veve blåvove bomullsty, som vart sendt til fruene Borgens og Borchgrevinks »pikeasyl« ute på misjonsmarki i form av langerma kjolar som vart nytta av gjentene på asylet. Seinare spann dei og vov vadmål, som vart sett til inntekt for misjonen. Det var mykje brukt av folk å gjera gode løvnader mot våde-eld, sjøskade, sott og sykje og liknande; då gav dei tidt av si ringe råd til misjonen. Den var før folk ei heilag gjerning, og misjonærane stod sers høgt i folks umdøme.

Det første store misjonsmøte eg høyrde tale um var det i Stryn, då biskop Schreuder var der og presten Breien frå Bergen. Det var vel i 1875 eller 76. Her frå bygdi reiste dei på robåt den lange vegen ikking jonsok og enno minnest eg det solver av glede og vellære som dei kom heim att i, dei som var på møtet. Bilete av bispen og bispefrau hadde dei kjøpt med seg heim og lenge hang det som pryd på veggen. Den fyrste

misjonsbasaren eg minnest var visst i 1877 eller so. Det var på prestegarden i Davik. Under dei veldige asketrei ved den gamle prestelåni var sett opp langbord, full-lødde med allslags varer frå flittige og kunnige kvinnehender. Eg hugsar enno dei som var der, som presten Lassen, klokkaren Johs. Rosenlund, medhjelparen Hans Bøen og elles folk frå kvar gard og plass bygdi rundt. Frå andre bygder i prestegjeldet var det og kome mykje folk, so heile »borggården« var full. Fru Lassen og døtrene hennar ordna med altsaman. Det var ein festdag som eg aldri har gløymt. I 1884 var det atter basar på prestegarden. Då var det sokneprest Hansen og frua hans som stod fyre tilstellingi. Langbordet hadde fått gåver frå heile heradet. Utanum kvinnearbeid var der ikkje lite mannsarbeid og ein heil del med bøker. Det herlege solveret og den glade stemning rådde ogso denne gongen på prestetunet og vinden som susa i dei svære askekrunene auka berre høgtidi. —

I 1889 var visst fyrste basaren her i Rimstad og Maurstad krinsar. Det var Ragnhild Hessevik og Brita Skarsteen som fok til ned det. Sidan har kyndelsmessedag vore årvisss basardag i alle desse åri. I 1910—1934 er ved Maurstad og Rimstad kvinneforeining kome inn til det norske misjonselskap kr. 7 697.87. Men meir enn desse kronene er for dei som har vore med samhugen millom kvinnene, hugnaden i samarbeidet for det same mål og vissa um, at vi får lov å vera med og senda heidningane Herrens ord: »som dogg um morgen fell, so freden gror frå fjord til fjell.«

Med dette ei hjarteleg helsing til alle som har misjonsarbeidet kjær, frå Maurstad og Rimstad kvinneforeining ved A. M.

En legende.

Der fortelles om en gudfryktig russisk skomaker som het Martin. En dag leste han i sitt Nytestamente om Jesus som kom som gjest til farisæeren Simon. Da grep det ham et brennende ønske om at Jesus måtte komme også til ham. Mens han sat og tenkte på dette falt han i søvn og drømte. Han syntes at Jesus talte til ham og sa: »Martin, imorgen skal du se ned over gaten, for da kommer jeg til dig.«

Om morgenen satte han sig etter morgenbønnen til sitt arbeid, men stadig tenkte han på drømmen og gang på gang så han nedover gaten. Da så han en gammel mann som holdt på å skuffe sne. Ofte måtte han stanse og hvile sig, og svak og forfrossen så han ut. Martin syntes synd i ham, laget en kopp varm te, ropte på mannen og sa: »Kom inn, min venn, og varm dig og drikk en kopp te.« Da den gamle varm og mett forlot huset, optok Martin igjen sitt arbeid. Men da han om en stund så ut på gaten, opdaget han en fattig kvinne som stod støttet opp mot en vegg og sökte å beskytte sitt lille gråtende barn mot kulden ved å dekke det med sitt eget slitte tørklæ. Atter blev han rørt av medlidenshet. Han ropte på henne og bad henne inn og gav henne noget varm suppe. Hun satte sig ved ovnen og varmet sig, og Martin fant en gammel trøie som han tullet barnet inn i, så det ikke skulde fryse. »Gud velsigne dig», sa kvinnen da hun gikk. — Martin arbeidet en god stund før han atter så ut. Men da fikk han øie på en gammel kone som bar en kurv med epler. En liten gategutt sökte å stjele epler fra henne, og hun strevet svært med å holde ham fra livet. Da sprang Martin ut og talte således til gutten, at han bad konen om forlattelse og lovet å la henne være i fred.

Men Martin kunde hele dagen ikke glemme drømmen, og at Jesus hadde lovt å komme til ham. Han følte sig så skuffet. Han blev helt bedrøvet ved tanken på at Jesus aldri vilde komme opever gaten til ham, slik som han kom til Simon eller Marta og Maria. Aftenen kom, han tendte sin lampe, leste i sin Bibel og sovnet inn. Da syntes han, at han hørte den samme røst som nu sa: »Martin, du kjente mig ikke!« »Hjem?« sa Martin. »Mig, Jesus,« sa røsten, »det var mig.« Derefter så Martin som i en sky sneskufferen trede frem et øieblikk og forsvinne, derefter den fattige kvinnen og så den gamle kone, og hver gang lød røsten: »Det var mig som du gjorde vel imot.«

»Hvad I har gjort mot en av disse mine minste brodre, det har I gjort mot mig.« Mat. 25, 40.